



Badeplass/friområde i Uskedalen var også eit tema som forvaltningskomiteen var innom. Dette biletet er teke frå badeplassen som vart opparbeida i fjor og skal forbetrast i år.

**Ingen av dei ni i forvaltningskomiteen hadde innvendingar mot å gje dispensasjon slik at eit område som Eva Myklebust eig på Neset i Uskedalen kan omdisponerast frå bustadområde til naustområde.**

Det skal delast frå to bustadtomter på 1,1 dekar kvar og tre nausttomter på 130 kvadratmeter kvar.

Leiar Tove Lill Lakselv (Frp) spurde om ein må ha dispensasjon i eit område som dette og om saka må til fylkesmannen.

Verksemndsleiar Tormod Fossheim svara: - Ja, ein må ha dispensasjon frå arealføremålet bustad i gjaldande kommunedelplan slik at området blir naustområde. Men saka må ikkje til fylkesmannen.

Øyvind Hardeland (A) presiserte at han ikkje var kjend i Uskedalen og stilte dette spørsmålet: - Burde noko av det arealet denne saka gjeld vore teke til friområde eller badeplass?

Jostein Grov (SV) frå Uskedalen svara: Tidlegare har noko av dette området vore nytta som badeområde, men no har Uskedal Utvikling lagt til rette ein badeplass utanfor skulen. Elles er området på Neset veldig privatisert med bustader og uaktuelt som offentleg eigedom.

Øyvind Hardeland: - Men det bør sikrast eit fellesområde eller friområde i sentrum av Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen